Til Klima og Miljødepartementet

Innspel til ny stortingsmelding om villaks – Saksnr 26/4470

Vatn i lakseførande vassdrag er heilt grunnleggjande for laksen sin eksistens.

Auravassdraget i Møre og Romsdal, er eit døme på korleis vasskraftutbygging kan utrydde laksen frå eit vassdrag. Inne mellom høge fjell i Eikesdal, finn du elveløpet til Aura. Øvst i Aura, er det ikkje vatn. 96% av nedbørsfeltet er ført over til Sunndal, i 1953 og 1962. «No toler ikkje vassdraget meir», sa dei i Industrikommiteen. 5 år etter, tok dei Mardalsfossen også. I nedre del av Aura er 84% av nedbørsfeltet regulert bort og Eira som er nedstrøms Eikesdalsvatnet, renn med ein reduksjon på 70,9%.

Laksen i Aura er utrydda, men han står der kvar haust. Han vil opp og prøve seg. Når det er overløp frå Aursjøen, lykkast den. Da gytes det, men så…

Ellinor på 3 år var med far sin ned i elveløpet. Der, i ein pytt mellom steinane fann dei fin yngel som sprella, 3+ som fagfolket ville kalla dei. Hadde berre denne vinteren att, så kunne dei kome seg ut. Ho såg forundra på dei og spurte far sin: «Kanskje dei he for lite vatn?» To dagar seinare skulle ho vise fram yngelen til fleire. Da var dei innefrosne.

Revisjonen i 2021, bygde på mangelfull utgreiing og heilt andre tal enn det som blir bruka i dag. Det blei vist til usikkerhet rundt vassmengde som ville vere nødvendig til minstevassføring, og at mykje vatn forsvinn i grunnen. Det var særleg vist til ei elvestrekning mellom Finnest og Sæter. Dette er eit problem som NVE sjølv har forårsaka gjennom utretting av elvefaret i 1974 og som må rettast opp att. Fare for isgang var eit viktig argument, noko som på ingen måte var dokumentert, og som er eit ukjent problem i Eikesdal. Vassmålaren som var brukt står i Lille Eikesdalsvatn/Litjvatnet, og viser ikkje den reelle vassmengda i øvre del av Aura.

Det viktigaste argumentet mot minstevassføring, var at det var heilt nødvendig å ta alt vatnet til kraftproduksjon. Vassmengden som blei presentert for beslutningstakarane, viser seg no å vere 34% mindre enn det som blir brukt i Aura II søknaden. I tillegg blir det kravd eit påslag på 40% klimavatn, medan det i 2021 var rekna 6%.

Olje og energidepartementet innførte «Standardvilkår». Det kan bøte på ein del av skaden, men det er vanskeleg å oppnå resultat utan vatn. Aura må ha rikeleg med vatn til å få laksen opp, den må ha nok vatn til syklusen for formering og oppvekst, og til slutt ein vårflaum for å få smolten til havs. Naturen kan ikkje bli satt ut av spill for økonomisk vinning.

Når Statkraft no vil forbetre kraftverket og ta inn det som finnes av overløp, ser vi at søknaden om Aura II er utreda etter KLD sin rettleiar- som viser seg å være feil. Vi frykter verkeleg at vedtaket som skal takast også blir feil pga den samme rettleiaren. Vanndirektivet er i dag det viktigaste juridiske vernet villaksen har mot nye inngrep i regulerte vassdrag. Vi har klaga Klima- og miljødepartementet sin rettleiar og praksis inn for ESA, og departementet har i sitt svar til ESA sjølv erkjent at sentrale delar av rettleiaren må endrast i lys av EU-domstolen sin praksis.

Det er vanskeleg for sola å kome seg inn mellom fjella i Eikesdalen. Bygdefolket har levd lenge i skyggen av storsamfunnet. Men no tenkjer ein at det kan kome ned ein solstråle, gjennom konsesjonen til det nye Aura II kraftverket. No forventast det at det blir brukt korrekt rettslig terskel for når eit tiltak medfører forringelse av ein vannforekomst. Ved å operere med ein for høg terskel for forringelse, har Klima- og miljødepartementet i praksis sett unntaksregimet i vannforskriften § 12 ut av spill. Dersom forringelse aldri blir konstatert, kjem heller ikkje unntaksbestemmelsen til anvendelse. Vanndirektivet sin §12 kan ikkje blir satt ut av spill enda ein gong.

Vanndirektivet, understøtta av Weser-dommen må også inn i eit langsiktig juridisk vern av laksen i «Stortingsmeldinga om villaks». Den må gjer det klart at Vanndirektivet må følgast. Vi kan ikkje redde villaksen dersom staten ikkje brukar dei juridiske verkemidla den allereie er forplikta til å bruke.

Vatn nok til laksen si vandring i vassdraga er ei side av villakskrisa som vi kan gjer noko med. Lakseførande vassdrag skal ikkje på nokon måte vere vasslause. Det blir ikkje laks i elvane, fjordane og havet om det ikkje er vatn i elvane. Laksen må ha vatn i barndomsheimen sin.

Når det gjelder vatn i til laksen i vassdraga våre, viser vi også til Håvard Skallerud sitt innspel til «Stortingsmelding om villaks», og ber om at det blir teke omsyn til i meldinga.

Eresfjord 15.10.2025

Helsing Eira elveeigarlag

Leiar Kirsti Fagerslett
Syltebøvegen 78
6470 Eresfjord
Eira.elveeigarlag@gmail.com